



Arkiv: K1-010
JournalpostID: 24/17440
Sakshandsamar: Loftheim, Sarah
Louise
Dato: 22.11.2024

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
002/25	Valstyret	10.02.2025

Endring av røystekrinsar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stongfjorden og Holmedal krins vert slått saman med Askvoll krins frå og med stortingsvalet 2025.

10.02.2025 Valstyret

Handsaming:

Utsetjingsframlegg , foreslått av Ole André Klausen, H

Saka vert utsett

Saka vert sendt på høyring til aktuelle grendelag og lagt på heimesida

Røysting over utsettingsframlegg:

Røysting - samrøystes

VAL002/25 Vedtak:

Saka vert utsett

Saka vert sendt på høyring til aktuelle grendelag og lagt på heimesida

Kva saka gjeld:

Endring av tal røystekrinsar i Askvoll kommune:

Stongfjorden og Holmedal krins vert føreslege slått saman med Askvoll krins frå og med stortingsvalet 2025.

Saksutgreiing:

Kommunestyret, eller valstyret etter delegering, avgjer kor mange røystekrinsar og dermed kor mange vallokale det skal vere i kommunen jf. vallova § 9-2. Dersom det skal gjerast endringar i tal røystekrinsar frå føregåande val, må slike vedtak gjerast innan 31.mars i valåret. Dette føl av føresegna om at sentral matrikkeleining (Kartverket) skal få melding om endringa innan denne datoen. Det skal vere eitt vallokale i kvar røystekrins.

Per i dag har Askvoll kommune seks røystekrinsar som fordeler seg slik:

Røystekrins	Tal røyster på valting 2023	Tal røysteføre (i 2023)
Bulandet og Værlandet krins	127	317
Atløy krins	149	339
Askvoll krins	237	762
Holmedal krins	203	447
Stongfjorden krins	48	138
Gjelsvik krins	153	290

Denne strukturen har vore slik sidan kommunestyre- og fylkestingsvalet 2011. Ved siste endringa som vart gjort i samband med det valet, vart talet røystekrinsar redusert frå elleve til seks. Då vart røystekrinsane på Atløy slått saman til ein med røystestad i Atløy Kulturhus, og røystekrinsane i Holmedal vart slått saman til ein med røystestad i Holmedal bygdehus.

Ei spreining av røystekrinsar er med på å gje veljarane nærleik til sin røystestad. Nærleik er viktig i mange høve og kan ha noko å seie for valdeltakinga og oppmøte på valdagen. Men per i dag er det ingen statistikk eller undersøking som underbyggjer om det er slik. Dessuten viser tal frå seinare val at stadig fleire veljarar røyster på førehand, og ikkje på sjølve valdagen (slik som i Noreg elles).

Oversikt over førehandsrøysting og valtingsrøysting 2013-2023

Val	Tel førehandsrøyster	Tal røyster på valting	Samla tal godkjente røyster frå førehandsrøysting og valtinget
Kommunestyre- og fylkestingsval 2023	590	899	1489
Stortingsval 2021	943	841	1784
Kommunestyre- og fylkestingsval 2019	487	1114	1601
Stortingsval 2017	656	1199	1855

Kommunestyre- og fylkestingsval 2015	345	1250	1595
Stortingsval 2013	466	1318	1784

Endringar i vallova gjeldande frå og med 2025

Det er gjort endringar i vallova frå 2023. Stortingsvalet 2025 er første val desse trer i kraft på. Nokre av desse endringane er:

- Endra opptellingsmåte
 - Teljing skal nå føregå ved ein første og ein andre teljing. Begge skal telja røyster fordelt på parti.
 - Første teljing skjer i vallokalet
 - Andre teljing skjer sentralt
 - Resultatet frå både første og andre oppteljinga skal kunngjerast per røystelokale
 - Det er krav til at det skal vere minst 100 namn i manntallet for vallokalet for å telle opp (valloven §10-8 (3)).
- Strengere krav til universell utforming på røystestadane
 - røystinga skal leggst til lokale der veljarane kan ta seg inn i lokalet utan hjelp
- Det er ikkje høve til å gje personrøyst i stortingsvalet
- Endring i høve til å klage på valet
- Det skal ikkje vere røystestyre på kvart vallokale, men ein leiar og ein nestleiar som ikkje er politisk valgt

Utfordringar ved å oppretthalde dagens røystekrinsar

Hemmeleg val

Eit sentralt moment er tal røysteføre i krinsane. Hemmelege val er eitt av dei grunnleggjande prinsippa for valgjennomføringa. Føremålet med vallova er «Loven skal sikre frie, hemmelige og tillitskapende valg.» jf. § 1-1 (1). Desse prinsippa er viktige for å oppretthalde tillit til valordninga. Stongfjorden hadde i 2023 138 røysteføre, Holmedal krins hadde 447. Ved dei siste vala har det vore ei nedgang i tal veljarar som røystar i krinsen på valdagen.

Det er spesielt Stongfjorden krins, med sine få røysteføre og relativt lavt oppmøte på valdagen, som er problematisk med tanke på hemmeleg val. Kravet for å telje opp røystene fordelt per røystestad og parti på valdagen er at det er fleire enn 100 manntalsførte i krinsen. Det er det i Stongfjorden, men Stongfjorden krins har ein relativt lav oppmøteprosent på valdagen. Ved stortingsvalet i 2017 og 2021 var det høvesvis 68 og 43 veljarar som røysta i Stongfjorden, og ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2015, 2019 og 2023 var det høvesvis 78, 59 og 47. Tal på røyster på valdagen har gått jamnt nedover i Stongfjorden. Med nye krav til oppteljingsmåter fordelt per parti og per røystestad vil vi ved lavt oppmøte på valdagen uansett måtte annonsere korleis røystene vart fordelt per parti. I yste konsekvens kan vi risikere å måtte annonsere valresultatet også ved ein røyst på valdagen.

Når vi ikkje kan garantere for hemmeleg val kan det føre til at veljaren vel å ikkje røyste i «sin» krins på valdagen, når det vert så få som avgjev si røyst i krinsen. Dei røystar anten i ein av dei andre krinsane eller i førehandsrøystingsperioden.

Det blir ikkje utfordringar med hemmeleg val i Holmedal krins.

Universelt utforma vallokale

Det er strengere krav til universell utforming av røystestadane i valet 2025. Dei fleste lokala våre krev nokon tiltak for å gjere dei universelt utforma og sikre at folk kjem inn i lokalet utan hjelp. I Holmedal bygdehus er det til dømes dørtersklar frå gatenivå og inn i det som er brukt som røystelokale. Det er og to dører utan automatisk dørøpnar som gjer det vanskeleg for personar med nedsett fysisk funksjonsevne å ta seg inn på eiga hand. Dette kan løysast med rampe og personar som opnar dørane om det ikkje er ver til å la dei stå ope.

Røystelokalet i Stongfjorden har ikkje same problem, men har og trong for tiltak for å gjere det universelt utforma.

Kostnadar

For kvart røystelokale er det kostnadar knytt til leige av lokale, løn for personale, nedrigging og opprigging til val, samt utstyr knytt til valet og universell tilgang til lokalet. Ved å redusere talet røystestadar vil vi og redusere kostnadane knytt til val.

Vi må kjøpe inn ny pc til alle røystekrinsane for kvart val. Dette er eit krav frå valdirektoratet for å sikre at PC'ane ikkje er moglege å misbruke. Desse vert retanka etter val og kan bli brukt vidare i kommunen når nokon treng ny pc. Dette er likevel ein auka kostnad for kommunen for kvart røystestad da det er ein ganske stor prosess å sette opp pc før val og retanke dei etter val.

Alle som arbeidar på røystestaden skal ha lønn for å vere der. Det er førebels ikkje bestemt korleis desse skal lønast nå som det ikkje er røystestyre, men administrasjonen ser for seg løn på lik linje med pensjonistløn, det er det same som dei som tar imot førehandsrøyster får.

Eit overslag på kostnad per vallokale: 16 000 pluss løn til valmedarbeidarar
opprigging og nedrigging (to personar frå vaktmeistersentralen x to turar, ca 2000)
vedlikehald av valavlukke og urne(i snitt ca 2000 per val)
husleige (ca 1000)
køyregodtgjersle for å hente og levere utstyr til rådhuset(ca 1000. avhengig av avstand. For Stongfjorden og Holmedal blir det mindre)
godtgjersle til leiar, nestleiar og evt. andre valfunksjonærar (ukjent)
pc (ca 10 000)

Dersom vi vel å legge ned vallokala i Holmedal og Stongfjorden vil det truleg føre til andre kostnadar: Administrasjonen ser føre seg at det til dømes vert utgifter til fleire heimerøystingar, eventuelt organisert skyss til vallokale og auka tal på valfunksjonærar til dei resterande røystelokalane.

Avstand til røystestad

Både Holmedal og Stongfjorden røystekrins er nært på Askvoll krins i avstand.

Grimelia til Askvoll sentrum er 22 km og tar 28 minutt å køyre

Holevika til Askvoll sentrum er 27 km og tar 30 minutt å køyre

Stongfjorden til Askvoll sentrum er 14 km og tar 16 minutt å køyre

Vindheim i Rivedal til Askvoll sentrum er 14 km og tar 16 minutt å køyre

Holmedal til Askvoll sentrum er 8 km og tar 9 minutt å køyre

Holevika til Gjelsvik er 27 km og tar 29 minutt å køyre

Stongfjorden til Gjelsvik er 16 km og tar 16 minutt

Avstanden til Askvoll krins gjer det naturleg å foreslå å slå saman både Holmedal og Stongfjorden krins med Askvoll krins. Det er relativt korte avstandar, og framleis mogleg for veljarane å kome seg til røystestad i Askvoll med bil.

Alternative tilbod om røystekrinsane vert lagt ned

Dersom vi legg ned røystekrins Stongfjorden og Holmedal, er det mogleg å sette opp transport til røystestad og på den måten gjere vallokala meir tilgjengelege.

Heimerøysting, institusjonsrøysting og førehandsrøysting gjer det mogleg at alle får røyste, det er ikkje krav til å dokumentere trong for heimerøysting.

Det er førehandsrøysting i Askvoll rådhus i førehandsrøysteperioden. Det er mogleg å vurdere å ha røysting på valdagen i Holmedal bygdehus, og på den måten redusere med eitt vallokale på valdagen, men samtidig halde fram med røysting både i Askvoll sentrum og i Holmedal.

Vurdering:

Hemmelege val er vanskeleg å gjennomføre med få røysteføre i krinsen, slik som i Stongfjorden. Når vi no ikkje lenger kan telje sentralt, men må ha oppteljing i vallokalet, med partifordeling, blir det veldig gjennomslagskraftig kven som røyster kva.

Avstand og reisetid mellom dei andre røystestadene i Askvoll tilseier at ein òg kan slå saman Holmedal og Askvoll krins. Det er da mogleg å ha røystestad på valdagen anten i Holmedal eller Askvoll sentrum, men det er truleg unaturleg å ikkje ha røysting på valdagen i kommunesentrum.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Vallova, valforskrifta